



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
v/Egil Hauge,  
Postboks 7310,  
5020 BERGEN

Kvinnherad kommune	
28 NOV. 2014	
2012/253	Uttalt:
IBF	Kont:

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:  
2012/041527-010

Dykkar referanse:

Vår dato:  
26.11.2014

### **Vedk. trekking av motsegn til detaljplan for del av gnr. 95 bnr. 3 - bustadfelt Lundshagen II - Dimmelsvik - Kvinnherad Bygg AS**

Viser til skriv dykkar skriv, datert 21.10.2014.

Viser elles til våre merknader i samband med oppstartsmeldinga, datert 12.04.2012, vår høyringsuttale til offentlig ettersyn av detaljplanen, datert 03.06.2014, tiltakshavar sine merknader til motsegnene (datert 24.06.2014) og vårt tilsvaer, datert 01.09.2014.

Statens vegvesen vert bedne av kommunen om å trekkja motsegnene som vi har fremja til detaljreguleringsplanen som statleg fagstyresmakt med rolleansvar.

Det er fremja motsegn frå Statens vegvesen på 2 område.

#### **1. Kryssutforming**

Det eine er kryssutforming med fv. 48. Dette krysset støtter ikkje våre krav til teknisk utforming.

Krysset er vist i reguleringsplanen for Lundshagen – 95/50 m.fl., godkjend i Kvinnherad kommunestyre 21.10.2010. I planen er det vist omlegging/utviding av fv.48, kryss med siktlinjer, gang- og sykkelveg m.m., der tiltaket set krav til kryss med fv. 48.

Kvinnherad kommune har føreslått at følgjande punkt 1.3 rekkjefølgjekrav (pbl §12-7 nr 3) vert ført inn i føresegnene:

«

*1.3.13 Utbetring av eksisterande kryss på kommunal veg mot fylkesvegen skal vera ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest for bustader. Før oppstart av utbetring skal tekniske planar godkjennast av Statens vegvesen.*

«

Vi gjer merksam på at denne tilkomsten (krysset) til fylkesveg 48 i dag er ein privat veg.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen trekkjer motsegna på dette punktet under føresetnad at omtala punkt vert teke inn i føresegnene.

## 2. Trafikksikring

Den andre motsegna omhandlar rekkjefølgjekrav med omsyn til trygg skuleveg.

Viser til «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (T-1497)», det vert påpeika (utdrag):

*«Det er forventna at kommunen tek omsyn til tradisjonell bruk, tilgjengelegheit og universiell utforming, så vel som høve til aktiv livstil og auka friluftsliv, ved å knyta saman bustadområde, skular og barnehagar og trygge forbindelser til friluftsområde.» og «Betre forhold for sykklistar og gåande fremjar fysisk aktivitet, gir trygge skulevegar, og reduserer utslepp.»*

Frå det tiltenkte bustadfeltet til skule/barnehage mot Omviksdalen langs fv. 48 er det ikkje trafikksikker skuleveg. Fv. 48 er ein hovudveg gjennom kommunen som vert trafikkert av gjennomgangstrafikk, der det ikkje berre er lokale trafikantar. ÅDT er 2500 (2013 tal). Statens vegvesen meiner at det må leggjast til rette for trafikksikker skuleveg (gang-/sykkelveg), før det kan gjevast oppstartsløyve til bygging i det nye feltet.

I våre merknader i samband med oppstartsmeldinga kommenterte vi at kommunen held på med revisjon av trafikksikringsplanen og i den samanheng vart det presisert at det særskild er trafikken langs fv. 48 som må prioriterast.

Trafikksikringsplanen vart godkjend i Kvinnherad kommunestyre 20.12.2012, men vart lagt til grunn i kommunen sitt arbeid allereie i mars 2012. Dette var på tidspunktet det vart halde oppstartsmøte om detaljplanen. Ein har grunn til å tru at kommunen alt på dette tidspunktet burde sjå nærare på trafikksikring. Viser vidare til «Trafikksikringsplanen» punkt 7.4.3, der tiltaket er beskrive.

Kvinnherad kommune viser til at det i gjeldande kommunedelplan for Rosendalsområdet av 20.02.2003, er B12 tenkt utbygd med ca. 16 bustader, der det vert rekna ca. 1,5 da pr. bustad inkl. infrastruktur. Detaljplanen viser 18 bustadeiningar i 3 områder og 3 tomter for einbustader (totalt 21 bueningar).

I denne kommunedelpanen er det sagt lite om trafikksikring anna enn at dette vil verta vurdert i den nye trafikksikringsplanen.

Det er sagt frå kommunen, at sidan byggjefeltet ligg i gjeldande kommunedelplan frå 2003, bør utbyggjar få leggja til rette for utbygging av 16 bustadeiningar etter dei føresetnader som den gong låg i kommunedelplanen, og at yttarlegare utbygging i feltet må venta til trafikktrygg skuleveg er på plass. Dette grunngjev dei med at Kvinnherad kommune vil framstå som forutsigbare overfor utbyggjarar og at utbyggjar allereide har investert midlar i utbygginga.

Kommunen vil difor endra føresegnene slik at dei gjev mogelgheit for 16 nye bustadeiningar. For utbygging ut over dette, vert det rekkjefølgjekrav om at det må vera trafikksikker skuleveg før det vert gjeve bruksløyve. Det vert føreslått at følgjande punkt under rekkjefølgjekrav vert ført inn i føresegnene:

«

*1.3.14 Det kan etablerast inntil 16 bueiningar før det må etablerast ny gang- og sykkelveg mot Dimmelsvik skule. Ved etablering av meir enn 16 bueiningar skal ny gang- og sykkelveg vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest for bustadar. Før oppstart av arbeidet med ny gang- og sykkelveg skal tekniske planar godkjennast av Statens Vegvesen.*

«

Statens vegvesen meiner at føresetnadene alt er på plass i gjeldande kommunedelplan frå 2003.

Vi viser til kommunedelplanen sine «Føresegner og retningliner til byggjeområde etter pbl §20-4, første ledd nr. 1»

«

- *Tiltak som nemnt i pbl §§ 81,83,86a,86,b og 93, samt frådeling til slike føremål kan ikkje igangsetjast før området inngår i ein reguleringsplan eller bebyggelseplan (jf pbl § 20-4 andre ledd, bokstav a) slik det framgår av følgjande tabeller i planforklaringa: Seimsfoss/Omvikedalen: tabell Ros-04*
- *Tilsvarande skal tekniske anlegg vera utbygde i området seinast før igangsettingsløyve for bygg vert gjeve. Jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav b.*
- *Det er stilt plankrav til alle utbyggingsområde.*

«

Viser vidare til rettningsliner som er nedfelt i kommunedelplanen for 2003 (utdrag):

«

- *Ved planlegging og gjennomføring av tiltak, bygningar og uteområde, bør det sikrast godt tilgjenge for alle befolkningsgrupper i samsvar med dei tilgjengekriteria som er nedfelt i vegnormalane og byggeforskrifta.*
- *Der utbyggingsområde ikkje er tilrettelagt med tekniske anlegg eller samfunnstenester og slik tilrettelegging ikkje er planlagt eller aktuell, kan t.d. privat utbyggjar forskottera slike anlegg og/eller tenester. Det må inngåast avtale om tilbakebetaling.*
- *Ved utbygging av nye bustadområde kan kommunen påleggja utbyggjar å byggja gang- og sykkelveggar eller tilsvarande tilbod til mjuke trafikantar.*

«

Det ligg såleis til rette for at kommunen, i dette tilfelle alt i kommunedelplanen, kan påleggja utbyggjar å byggja gang- og sykkelveg eller inngå ein utbyggingsavtale med utbyggjar.

Statens vegvesen meiner at eit rekkjeføljekrav må inn i føresegnene:

«

*Det må etablerast og vera ferdigstilt gang- og sykkelveg til skule/barnehage mot Omviksdalen før det kan gjevast oppstartsøyve til bygging i det nye feltet.*

«

Vi viser også til Hordaland fylkeskommune si fråsegn til oppstartemeldinga (skriv datert20.04.2012) under punkt Trafikktryggleik og kollektivtransport:

«

*Det er viktig at planen sikrar barn og unges interesser når det gjeld trygg og attraktiv skoleveg og ferdsel til og i sentrum. Fylkeskommunen vil rå til at kommunen vurderer om reguleringsplanen skal ha rekkefølgekrav for å sikre ein trafiksikkert skuleveg.*

*Det er ei regionalpolitisk målsetting å få meir miljøvenleg transport. Jf. Klimaplan for Hordaland 2010-2020. Reguleringsplanen bør difor vurdere bustadområdet i høve til kollektivtransport, og utbetre tilhøve for ferdsel for gåande og syklende.*

«

Konklusjon:


### **1. Kryssutforming**


Statens vegvesen trekkjer motsegna på dette punktet under føresetnad at omtala punkt til rekkjefølgjekrav vert teke inn i føresegnene.

### **2. Trafikksikring**

Statens vegvesen held fast ved motsegna dersom vårt krav til rekkjefølje ikkje vert teke inn i føresegnene.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

  
Carl Erik Nielsen  
seksjonssjef

  
Per Steinar Nedkvitne

Vedlegg: Statens vegvesen sine merknader til oppstartsmeldinga, datert 12.04.2012.  
Høyringsuttale til offentlig ettersyn av detaljplanen, datert 03.06.2014.  
Tiltakshavar sine merknader til motsegnene, datert 24.06.2014  
Statens vegvesen sitt svar til tiltakshavar, datert 01.09.2014.

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

Kvinnherad kommune v/ Ingo Bewer, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL



## Statens vegvesen

Harald Bjørndal a.s  
Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:  
2012/041527-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.04.2012

### **Opstart av reguleringsarbeid Lundshagen II del av gnr. 95 bnr. 3 - Kvinnherad kommune - Vår uttale**

Viser til motteke oppstartsmelding motteke 29.03.2012.

Statens vegvesen sine interesser i reguleringsplanen er i hovudsak etaten sitt ansvar for bygging, vedlikehald og drift av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å skape størst mogeleg trygg og god avvikling av trafikken, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

#### Kryss Fv. 48

Den omtala detaljreguleringa vil få tilkomst til fylkesveg 48. Utifrå meldinga om oppstart er det ikkje vist til kvar tilkomsten vil koma (vi ser at det kan vera fleire alternativ). Forslagsstillar må ta med at desse «tilkomstane» til fv. 48 må følgja Statens vegvesen sine krav til kryss (handbøker 017 og 263). Vidare at det må stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av desse.

#### Trafikktryggleik

Det vert lagt opp til utbygging av 14 nye bustadeiningar. I referat frå oppstartsmøte (22.03.2012) vert det også vist til at det er føreslått 20 - 30 bustadeiningar som skal vurderast. Kommunen held på med revisjon av trafikksikringsplanen og i den samanheng vert det presisert at det er trafikktryggleik som må prioriterast og dette gjeld særskild trafikken langs fv. 48.

Frå det tiltenkte bustadfeltet til skule/barnehage mot Omviksdalen langs fv. 48 er det ikkje trafikksikker skuleveg. Statens vegvesen meiner at det må leggjast til rette for slik trafikksikker veg (gang-/sykkelveg), før det kan gjevast oppstartsløyve til bygging i det nye feltet. Dette må innarbeidast i reguleringsføresegnene.

**Statens vegvesen har merknader til oppstartsmeldinga til reguleringsplanen når det gjeld Fv. 48 og varslar mogeleg motsegn til planen om ikkje våre merknader ovanfor vert teke omsyn til.** Statens vegvesen ser på dette som eit sektoransvar.


Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger


Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5700 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

*for*   
Terje Vjdar Hoel  
fung. seksjonsleiar

  
Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
v/Egil Hauge  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - 56520268

Vår referanse:  
2012/041527-005

Dykkar referanse:  
2012/253-16

Vår dato:  
03.06.2014

### **Vedk. høyringsuttale til detaljplan for del av gnr. 95 bnr. 3 - bustadfelt Lundshagen II - Dimmelsvik - Kvinnherad Bygg AS - PlanID 20120006**

I samband med forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale planar vert denne saka sendt til dykk for å bidra til ein samla uttale til kommunen.

Vi viser til brev dagsett 29.04.2014 med uttalefrist 14.06.2014 frå Kvinnherad kommune.

Føremålet med reguleringsarbeidet er å utvida eksisterande bustadområde med inntil 18 nye konsentrerte bustadeiningar i 3 område og 3 tomter for einebustader. Planområdet er regulert til bustadområde, leikeområde, samferdsel og landbrusks-, natur og friluftsområde. Tilkomst til planområdet er planlagt frå fv 48.

I arealdelen til kommuneplanen er området sett av til bustadføremål. I nord grenser planområdet til gjeldande reguleringsplan for Lundsmarka (21.11.1991)

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsplanar med bakgrunn i rollene som

- vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljøulemper knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til planframlegget:

I samband med oppstart av reguleringsplanen vart det sendt skriv, datert 12.04.2012, der Statens vegvesen hadde vesentlege merknader. Statens vegvesen varsla mogeleg motsegn om våre merknader ikkje vart teke omsyn til.

#### Våre merknader galt kryss fv. 48 og trafikktryggleik

«

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

*Den omtala detaljreguleringa vil få tilkomst til fylkesveg 48. Utifrå meldinga om oppstart er det ikkje vist til kvar tilkomsten vil koma (vi ser at det kan vera fleire alternativ).*

*Forslagsstillar må ta med at desse «tilkomstane» til fv. 48 må følgja Statens vegvesen sine krav til kryss (handbøker 017 og 263). Vidare at det må stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av desse.*

«

og

«

*Det vert lagt opp til utbygging av 14 nye bustadeiningar. I referat frå oppstartsmøte (22.03.2012) vert det også vist til at det er foreslått 20 - 30 bustadeiningar som skal vurderast.*

*Kommunen held på med revisjon av trafikksikringsplanen og i den samanheng vert det presisert at det er trafikktryggleik som må prioriterast og dette gjeld særskild trafikken langs fv. 48.*

*Frå det tiltenkte bustadfeltet til skule/barnehage mot Omviksdalen langs fv. 48 er det ikkje trafikkisikker skuleveg. Statens vegvesen meiner at det må leggjast til rette for slik trafikkisikker veg (gang-/sykkelveg), før det kan gjevast oppstartsløyve til bygging i det nye feltet. Dette må innarbeidast i reguleringsføresegnene.*

«

I referat frå oppstartsmøte med kommunen (22.03.2012) står det:

«

**2. ✓ Veg-/trafikksituasjon, tilkomst / avkjørsel (kapasitet, sikkerheit, fotgjengarkryssingar, tilhøve til vegnormalen og kommunens VVA-norm.)**

- Trafikkmengd (ADT), type trafikk; Til og frå området; ny adkomst vurdering
- Trong for fortau og eller gang-/ sykkelveg; langs vegane i /til feltet bør vurderast (rekkjefølgjekrav)
- Vegstandard, vegbreidd, kurvatur, stigningsgrad; stigningsgrad, mulighet til å snu må avklarast
- Kryss og eller avkjørslar, dimensjonering og friskt: Avkjørslar til nye felt skal samordnast og behandlast i planforslag; Krysset må utarbeidast etter vegnormal; kontakt Statens vegvesen / Ivar Kåre Døssland
- Dimensjonerande fartsgrense Dette skal vurderast
- Byggegrenser Skal avklarast i planprosess.
- Universell utforming og tilgjenge: Administrasjon råd på det sterkaste til at dette skal vurderast, så lenge landskapsmessige ulemper er ikkje større enn fordeler; Må prøve å få så god linjeføring som mulig for veg. (Klarer ein 1:20)
- Rekkjefølgjekrav Er aktuelt i.h.t. opparbeiding av veg/gangveg og leike- og fellesplasser og parkering

**3. ✓ Trafikktryggleik og tilgjenge**

- Skule og barnehage svært aktuelt
- Leike- og opphaldsareal: Ein skal tilretteleggje areal til dette føremål (rekkjefølgjekrav)
- Grøntområde/ friluftsområde/ friområde; Skal opparbeidast; muligens i form av buffersone for ras etc.
- Busshaldeplass; skal omtalast (i planomtale)
- Servicefunksjonar; Miljøstasjon
- Renovasjon; Viktig med snuplassar skal omtalast
- Utrykkingskøyretøy; Viktig med snuplassar og tilgjengelegheit skal omtalast i både planomtale og føresegner

«

Statens vegvesen ser at mange av desse tilhøva ikkje er omtala i planomtalen eller føresegnene.

Kommunen har heller ikkje kommentert dette i saksframlegget til politisk handsaming når planen vart sendt ut til offentleg ettersyn. Kommunen viser berre til at merknadene er vurdert av fagkunnig i planomtalen.

Forslagstillar (fagkunnig) har i planskildringa følgjande kommentarar til Statens vegvesen sine merknader til oppstartsmeldinga:

«

### **3. Statens Vegvesen**

*Er særleg opptekne av følgjande:*

- 1. Tilkomst til FV 48: Tilkomst må følgja Statens vegvesen sine krav til kryss og at opparbeiding av desse kjem med rekkefølge krav.*
- 2. Trafikktryggleik: Det er ikkje trafikksikker veg til skule/barnehage. Statens vegvesen meiner at det må leggjast til rette for trafikksikker veg før oppstartsløyve vert gjeven.*

- Tiltakshaver:*
- 1. For å stetta vegvesenet sine krav til kryss, må ein gjera tiltak på privat grunn. Sidan eksisterande felt allereie nyttar den private vegen, meiner tiltakshaver at kommunen må oppretta dialog mellom dei berørte partar: grunneigar, tiltakshaver og kommunen.*
  - 2. Planen er ei utviding av eksisterande bustadfelt nord for planområdet. Feltet kan ikkje ta ansvar for kommunal sikring av skuleveg*

«


Statens vegvesen ser at det ikkje er teke omsyn til våre merknader og legg ansvaret for kryssutforming og trygg skuleveg over på kommunen. **Statens vegvesen ynskjer å fremja motsegn til detaljplanen på desse punkta.**


Motsegnene til denne planen er knytt til Statens vegvesen si rolle som statleg fagstyresmakt med sektoransvar.

Vi imøteser eit revidert planframlegg som tek omsyn til motsegnene og merknadane våre elles.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Med helsing

  
Carl Erik Nielsen  
seksjonssjef

  
Per Steinar Nedkvitne



# BYGGADMINISTRASJON Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING - KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING

Statens Vegvesen, Region Vest  
Askedalen 4  
v/Per Steinar Nedkvitne

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN  
TLF: 56 58 11 30  
Faks: 56 58 11 99  
post@byqqadmin.no

Dato: 24.06.2014

## **Vedk. varsla motsegn mot reguleringsplan for del av gnr. 95 bnr. 3, Lundshagen II i Dimmelsvik**

Vi viser til mottatt brev datert 03.06.2014 der det vert varsla motsegn mot forslag til reguleringsplan. Motsegna er knytt til to forhold:

- Trafikksikker gangveg til barneskule og barnehage.
- Utforming av kryss mellom eksisterande veg opp til bustadfeltet og Fv48

**Trafikksikker gangveg til barneskule og barnehage ved Omvikedalen Oppvekstsenter.** Byggefeltet ligg i dag like under 3,0 km. frå oppvekstsenteret. I dag er det ei ordning der 1 - 2 klasse ha fri skyss til skulen og der 3 - 4 klasse får fri skyss til skulen om vinteren. Gangforbindelsen mellom byggefeltet og oppvekstsenteret vil bli langs lokal veg/gangveg ned til eksisterande gangveg langs Fv48. Her er det i dag eksisterande gangveg fram til Dimmelsvik bil. Men langs Fv48 frå Dimmelsvik bil mot Fv55 er det i dag ikkje noko gangveg/fortau. Denne strekninga er på om lag 620 meter og omfattar kryssing på smal bru over elva. Strekninga har veglys. Etter brua går gangvegen gjennom private eigedomar og deretter langs Fv50 fram til oppvekstsenteret. Langs Fv50 er det veglys, fartshumpar og 40 km/t fram til oppvekstsenteret. I gjeldande trafikksikringsplan som kommunen har utarbeidd saman med Statens Vegvesen er strekninga langs Fv48 nemnt som eit prioritert fysisk tiltak (punkt 7.4.4 i vedteken plan) i planperioden. Kommunen og vegvesenet har dermed tatt på seg ansvaret for utbetring av denne strekninga. Sidan tiltaket er prioritert i gjeldande planperiode er det nærliggjande og tru at tiltaket vil vere etablert innan 2020. Men ein kan nokk ikkje love dette. Dette avheng i prioriteringar som fylkeskommunen gjer på sine budsjett. Bustadfeltet ynskjer etter planen å starte opp grunnarbeidet til hausten 2014. Innflytting vil då kunne skje i 2016.

Sidan strekninga er med i trafikksikringsplanen meiner vi at Statens Vegvesen kan trekke motsegna knytt til farleg gangveg mot oppvekstsenteret.

### **Utforming av eksisterande kryss med Fv48.**

Krysset med Fv48 ligg i ei 60-sone. Det er i 2013 registrert ein ÅDT lik 2500 på vegstrekninga. Etter håndbok N100 vil dermed vegen kunne klassifiserast som hovedveg type H1 med stoppsikt lik 70 meter. Det er flatt på strekninga. Sikt i krysset må då vurderast 10 meter inn i sidevegen og 70 meter langs fylkesvegen. Vår vurdering er at krysset har tilstrekkeleg sikt ut av sidevegen mot Rosendal, men på grunn av mur i hage er det ikkje

tilstrekkeleg sikt mot Omvikedalen. Sidevegen har heller ikkje optimal vertikalkurvatur i krysset og kurveutvidelse i horisontalkurve burde vært betre.

I gjeldande trafikkisikringsplan er og denne strekninga nemnt som eit prioritert fysisk tiltak knytt til utbetring av veg og etablering av gangveg (punkt 7.4.3 i vedteken plan) som prosjekt SR09 utbetring av Lundssvingane. Utbetring av dette krysset vil då naturleg vere med i dette prosjektet. Som for gangvegen mot oppvekstsenterert har då Kommunen og vegvesenet, etter vår meining dermed tatt på seg ansvaret for utbetring av dette krysset. Sidan krysset er ein del av prioritert strekning knytt til vegutbetring i trafikkisikringsplanen meiner vi at Statens Vegvesen kan trekke motsegna knytt til vegkrysset.

Men vi ser behovet for å kunne gjennomføre midlertidige tiltak her som betrar sikt i krysset. Krysset er ikkje ein del av reguleringsplanen og det kan dermed ikkje knytast rekkefølgekrav innanfor reguleringsplanen. Vårt forslag til løysing er som følgjer:

Utbyggjar utarbeider i samarbeid med Statens Vegvesen forslag til midlertidige tiltak som betrar sikta i krysset. Endelege planar for dette vert godkjent av Statens Vegvesen. Kvinnherad kommune gjer vedtak om godkjenning av planen, men der det i vedtaket vert satt som krav at det ikkje vert gjeve byggeløyve for tiltak innanfor planområde før det førelegging godkjente planar for midlertidige tiltak i krysset og at det ikkje vert gjeve bruksløyve før dei midlertidige tiltaka er gjennomførte og godkjente av Statens Vegvesen.

Med helsing

  
André Bjørndal



## Statens vegvesen

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS  
Bjørndal  
5640 EIKELANDSOSEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:  
2012/041527-007

Dykkar referanse:

Vår dato:  
01.09.2014

### **Reguleringsplan Lundshagen II del av gnr. 95 bnr. 3 - Kvinnherad kommune - PlanID 20120006 - svar på dykkar brev av 24.06.2014**

Viser til dykkar brev av 24.06.2014.

Beklagar sein tilbakemelding på dykkar brev.

De tek for dykk dei to forholda som er knytt til motsegna til reguleringsplanen for Lundshaugen II.

#### Det første er trafikkisikker gangveg til barneskule og barnehage ved Omviksdalen oppvekstsenter.

De beskriv at gangforbindelsen mellom bustadfeltet og oppvekstsenteret vil gå langs fv. 48, ein strekning på om lag 620 meter (utan gangveg), der borna også må gå over ei smal bru utan fortog. De skriv vidare at dette er i gjeldande «Trafikksikringsplan» punkt 7.4.4, eit prioritert tiltak i planperioden. Dette er ikkje tilfelle, men i punkt 7.4.3 er tiltaket med, (Fv 48 hp11 Omviksdalen – Lundssvingane) der tiltaket er beskrive som -Vegomlegging og gang- og sykkelveg i Lundssvingane, til og med Dimmelsvik bru. Det er sett opp ein kostnad på 15 480 000 kr. De skriv at kommunen og vegvesenet har påteke seg ansvaret for utbetring av denne strekninga. Dette er avhengig av prioriteringar og vi kan ikkje sjå at det er tilrådeleg å tillata eit større bustadfelt å verta etablert før gangvegen er på plass.

Vi har også fått spørsmål frå Kvinnherad kommune om å sjå på saka ut i frå Kommunalsjef Anne Sofie Bjelland Kjelka (etter brev frå deg) si vurdering av skuleveg til barneskulen i Omvikdalen, der ho skisserer eit alternativ til skuleveg. Vi gav tilbakemelding til kommunen at vi ikkje ville trekkja motsegna. Den alternative skulevegen som Anne Sofie Bjelland Kjelka sende dykk er ikkje god som alternativ skuleveg. I brevet frå dykk har de heller ikkje med dette som eit alternativ.

#### Det andre forholdet er utforming av eksisterande kryss med fv. 48.

Krysset er vist i reguleringsplanen for Lundshagen – 95/50 m.fl., godkjend i Kvinnherad kommunestyre 21.10.2010.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS


Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

I planen er det vist omlegging/utviding av fv.48, kryss med siktlinjer, gang- og sykkelveg m.m., der tiltaket set krav til kryss med fv. 48. Viser vidare til «Trafikksikringsplanen» punkt 7.4.3, der tiltaket er beskrive.

Statens vegvesen held fast i fremjing av motsegna, då det må leggjast til rette for trafikksikker veg til skule/barnehage før oppstartsløyve vert gjeve.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

  
for Carl Erik Nielsen  
seksjonssjef

  
Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL  
Fylkesmannen i Hordaland v/Egil Hauge, Postboks 7310, 5020 BERGEN